



Samuel K. Alshager  
Prost Christies vei 18 C  
1362 HOSLE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3453 - 18/9159

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.03.2018

## Avsluttar sak om mogleg ulovleg forhold - gbnr 238/5 Eknes indre

Det vert vist til vårt brev av 13.12.2017 der vi oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til mottatt melding om mogleg ulovleg ureining frå utedo på gbnr 238/5. I e-post frå dykk av 21.12.2017 er det gjort greie for tilhøva.

Kommune har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på forureiningslova. Vi har lagt til grunn for vurderinga eigar si utgreiing, at toalettløysinga ikkje er ulovleg etablert og at det ikkje er påvist forureining.

Vi gjer samstundes merksam på forureiningslova si føresegn om at ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som kan medføre fare for forureining utan at det er lovleg etter §§ 8 eller 9, eller tillete etter vedtak i medhald av § 11. Dersom det vert avdekka forhold i strid med forureiningslova, kan kommunen ta opp igjen saka ved seinare høve.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 17/3453.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:



**Kopi til:**

Samuel K. Alshager  
Svein Olav Heggernes  
Synnøve Øren

Prost Christies vei 18 C 1362  
Eidavegen 224 5993  
Eidavegen 224 5993

HOSLE  
OSTEREIDET  
OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Samuel K. Alshager

Prost Christies vei 18 C 1362

HOSLE